Modalen Idrettslag
v/styret og Turgruppa
5729 Modalen

Modalen, 29. juni 2016

Høyringsuttale frå Modalen Idrettslag
Søknad om løyve til 8 småkraftverk i Modalen kommune

Modalen Idrettslag ynskjer å gi ei uttale til den såkalla Modalspakka som omfattar søknad om løyve til å byggje 8 nye små vasskraftverk i Modalen.

I dei einskilde søknadene frå Modalen Kraftlag (7 prosjekt) og Småkraft (1 prosjekt) er det gitt ei vurdering av status for områda der utbygginga er tenkt, og ei analyse av ulike konsekvensar ei utbygging vil kunne få. Informasjonen blei òg presentert på eit lokalt folkemøte i 24. mai d.å.

Vi har diskutert saka i Modalen Idrettslag og meiner generelt at ei realisering av 8 nye utbyggingar samla vil innebere mange store naturinngrep i dalen. Prosjekta ligg alle i område som innbyggjarane i større eller mindre grad bruker som turmål. Fleire stader vil planlagt anleggsveg komme i konflikt med stølsvegar og andre kulturminne i terrenget. Nokre stader er dette er stiar som har vore brukt i 100 år, og sjølv om planlagt veg ikkje blir lagt over eksisterande sti, jf. vilkåra om å ta omsyn til stølsvegar, så vil etablering av ny veg endre landskapet og redusere kvaliteten på turopplevinga. Det vil til dømes måtte fellast mykje skog, og veg i bratt terreng vil gi store fyllingar langs rutene og i umiddelbar nærleik til turmåla. Ved samtidig realisering av alle prosjekta vil ein møte utbyggingsaktivitet og svært synlege inngrep i natur i turterrenget dei neste 10-15 åra før naturen klarer å kompensere noko med tilgroing.

Ut over den generelle uttalen ovanfor har vi meir spesifikke kommentarar til prosjekta Tverråna og Seljedalselva kraftverk i Hellandsdalen, Almelidelva kraftverk og Todeilselva kraftverk.

<u>Tverråna kraftverk og Seljedalselva kraftverk i Hellandsdalen:</u>

For å byggje og seinare ha tilgang til inntaket for kraftverkene er det planlagt bygd anleggsveg på hhv. 1330 meter og 690 meter til inntaka over Tverradalsfossen og Seljedalsfossen. For Tverråna-prosjektet vil vegen i stor grad måtte fylgje traseen til eksisterande stølsveg til Tverradalsstølen, sidan landskapet ikkje opnar for alternativ. Denne lia er bratt, så ein anleggsveg vil innebere eit inngrep med store fyllingar og gå på kostnad av verdfulle verdiar knytt til naturoppleving. Det same gjeld for anleggsvegen til Seljedalselva-inntaket, denne vegen er planlagt i høgda over eksisterande anleggsveg og vil få fyllingar som endrar landskapet og påverkar naturopplevinga i heile Hellandsdalen. I søknadene for desse prosjekta er det skrive at området, dvs. Hellandsdalen generelt, har liten betydning for rekreasjon og friluftsliv. Dette meiner vi ikkje gir eit riktig bilete. Hellandsdalen er eit viktig område for utfart heile året for modalingane. Området blir brukt både av barnehage og skule

og av mange modalingar elles heile året, både med ski og tursko på beina. Det er dessutan ei av rutene inn i Stølsheimen både for oss og for tilreisande. Bygging av anleggsveg til Tverrånainntaket og til Seljedalselvinntaket vil vere tekniske inngrep som vil vere godt synlege og påvirke friluftsopplevinga i Hellandsdalen generelt og Tverradalsstølen spesielt. Modalen Idrettslag ynskjer at desse anleggsvegane ikkje vert bygd.

Almelidelva kraftverk og Todeilstølen kraftverk:

Også i samband med desse kraftverka ynskjer Modalen Idrettslag å peike på konsekvensane bygging av anleggsveg vil innebere. På karta er vegane tynne, raude strekar i terrenget, men vi veit at etablering av veg i bratt terreng vil gi store fyllingar som endrar landskapet, og som seint gror att.

I fylgje søknadene vil bygging av anleggsveg få konsekvensar for stølsvegen til Almelidstølen og den gamle ferdavegen mellom Farestveit og Flatekval. Vi vil understreke at dette er verdfulle turstiar og turområde for innbyggjarane i Modalen, som har både kulturhistorisk og rekreasjonsmessig vekt og som vi ynskjer skal takast vare på for framtida. Modalen Idrettslag ynskjer at desse anleggsvegane ikkje vert bygd.

Vennleg helsing

Modalen Idrettslag
v/styret

Liv-Anne Aanesen

Digitally signed by Liv-Anne Aanesen
DN: cn=Liv-Anne Aanesen, o=Modalen, ou=Paa godt norsk, email=livannea@gmail.com, c=NO
Date: 2016.06.30 10:01:35 +02'00'